

LITT GASSISK LIVSFILOSOFI

av

JOHAN SKJORTNES

Ein av dei største vanskane misjonæren står overfor i arbeidet sitt på misjonsmarka, er forskjellen mellom den kulturen han sjølv representerer, og den han møter mellom dei innfødde i det landet han arbeider. Denne forskjellen gjeld ikkje berre språk og levevis, men det er også eit spørsmål om ulike tradisjonar og tenkjemåter med røter i ein religion og ein livsfilosofi som er vidt forskjellig frå den eine kulturen til den andre. Derfor vil misjonæren alltid kjenne seg som ein framand derute. Og gjennom mange feilgrep og feilvurderingar må han lære den vanskelege leksa at han ikkje utan vidare kan identifisere seg med den kyrkja og det folket han har fått å tene i det framande landet.

Ved sidan av den personlege røynsla misjonæren gjer i det direkte møtet med dei innfødde, har han som regel også tilgjenge til meir eller mindre litteratur om desse spørsmåla. Det kan vere folkedikting av ulik slag som meir ureflektert avspeglar den nasjonale livsfilosofien, eller det kan også vere misjonærkollegar og andre som har teke desse spørsmåla opp til spesiell drøfting. Det som her kjem frå Vesterlanda står vel i stor fare for å verte «impresjonistisk» utan verkeleg innleving i den livsorienteringa som er grunnlaget for alle handle- og tenkjemåter hjå dei innfødde. Og derfor er det svært viktig at folket sine eigne søner kan ta desse spørsmåla om folkekarakteren, folkelynnet og den praktiske livsfilosofien opp til drøfting og vurdering.

Den gassiske presten (og borgermesteren) *Richard Andriamanjato* har skrive ei bok der han tek opp til analyse og vurdering to sentrale omgrep i det gassiske språket (*Le Tsiny et le Tody dans la pensée malgache, Présence Africaine, Paris 1957*). Forfatteren ser på desse omgrepa som nøkkelen til å forstå den

praktiske livsfilosofien slik han kjem til uttrykk i tenkje- og handlemåte mellom det gassiske folket. Boka gir ei svært interessant innføring i gassisk livsorientering, og fordi ho er skriven på fransk med tanke på lesarar frå Vesterlanda, har forfatteren også sett det som ei hovudoppgåve å rydde bort noko av den feilvurderinga som framande så lett gjer i møtet med det gassiske folket.

Vi har her ikkje tenkt å gi ei vanleg melding av boka. Vi vil berre nemne nokre av dei viktigaste synsmåtane som forfatteren gjer gjeldande, samtidig som vi vil få lov til å kome med nokre personlege refleksjonar omkring dei problema som har størst relevans til møtet mellom misjonæren og dei innfødde på misjonsmarka.

Den gassiske rota «tsiny» tyder skuld (å vere skuldig til straff), feil, ufullkomenskap, klander, kritikk, sensur. Og omgrepet har innhaldet sitt frå ein psykisk-sosial og religiøs bakgrunn med sine ganske karakteristiske serdrag. Det gassiske samfunnet er stabilt og hierarkisk der det einskilde mennesket har sin serskilde plass. Men dette samfunnet er ordna og regulert av skikk og bruk og alle slags livsreglar, slik at alle kan vite korleis dei skal vere og te seg i dei mange ulike situasjonar som livet kan føre ein opp i. Desse livsreglane er forresten ikkje berre skikk og bruk etter vesterlandsk tankegang, men dei er i siste omgang eit uttrykk for korleis forfedrene og Gud har ordna livet på, eit slags testamente til ettertida som kvar ny generasjon må respektere og ta vare på. Men denne oppgåva vil einskildmennesket aldri kunne makte. Reglane er ikkje berre altfor mange, men livet kan vere så mangfaldig, og situasjonane ein kjem opp i, så varierte at berre samfunnet kan stå som ein fullgod garanti for at alle livsreglane vert haldne og at livsordningane såleis ikkje vert skipla på nokon måte. Målet er å kunne leve slik at ein ikkje vert råka av «tsiny», at ein ikkje kjem i strid med desse livsreglane slik forfedrene og gudane har vilja dei. Derfor må individet ikkje berre respektere samfunnet som ein autoritet i alle desse spørsmåla, men det gjeld til og med om å kunne integrere seg heilt og fullt med dette samfunnet, slik at einskildmennesket kan oppleve styrken i kollektivet i alt det er og gjer, ikkje minst

når det gjeld å leve i samsvar med livsreglane, skikkane og lovene som spelar så stor rolle i det gassiske samfunnet. Overfor desse mange ulike spelereglane i livet vil individet alltid ha ei kjensle av skuld og ufullkomenskap. Kva det enn gjer, vil det alltid vere noko som står til rest, ein liten detalj som er gløymd, ein handlemåte som er inadekvat i forhold til det situasjonen krev. Det er alltid så mange omsyn å ta til dei levande, Gud, dei døde, åndene, dyra; ja, til alt som eksisterer, både det synlege og det usynlege. Og derfor er det ingen som kan greie å leve opp til det fullkomne i tankar, ord og gjerningar.

Vi ser såleis at «tsiny»-komplekset spelar ei stor rolle mellom gasserane. Og det er vel ingen framand som kan la vere å leggje merke til kor om å gjere det er for ein gasser å orsake seg i talar og diskusjonar, og når han elles tek ordet i serskilte høve. Det kan vere orsaking fordi han i det heile tek ordet. Han som taler, har på ingen måte den plassen og rangen i samfunnet at det skulle gi han rett til å ta ordet. Anten er han for ung eller han har slett ikkje dei prerogativa som gjer det naturleg at han taler. Derfor orsakar han seg først, og desse orsakingane vert som regel borne fram i eit uvanleg biletrikt språk. Det det gjeld om, er å forvise seg om at veggen er open og fri for fallgruver, slik at han som taler, ikkje skal verte fanga av sine eigne ord eller gjere skam på dei han taler til. Dei som høyrer på, skal vite at han er heilt og fullt klar over den plassen dei har i samfunnet, og at han også kjenner det som er skikk og bruk mellom dei. Skulle det så hende at det han seier og tenkjer er ufullkome, kan han likevel få rekne med all den velviljen og sympatien som tilhøyrarane vil leggje for dagen, og at dei såleis er villige til å bere over med det ufullkomne hjå han som tek ordet. Kjensla av skuld og ufullkomenskap vert her delvis eliminert, fordi gasserane også trur på ein slags universell sympati, ein diffus kjærleik som er overalt, og som både forstår og godtek dei orsakingane som vert borne fram. Det viktigaste er ikkje om desse orsakingane byggjer på sterke logiske argument. Det som tel, er at ein rett og slett orsakar seg før ein går til handling, og dermed er også veggen fri, slik at ein kan gå vidare til sjølve saka utan å vere redd for konse-

kvensane av det ufullkomne både hjå han som taler og i dei tankane han ber fram.

«Tsiny»-komplekset har både sosial og religiøs bakgrunn, og forfattere gir ei svært interessant utgreiing om korleis det har relevans både til gudstrua, til fedretrua og til samkvemet mellom dei levande. Serleg er det i forholdet til dei to siste områda at det sermerkte ved folkelynnet og livsmønstret deira kjem til uttrykk, og vi vil stanse litt nærare ved det forfattere her kjem fram til. (Det som gjeld gudstrua er stort sett det same som ein vil finne i dei fleste religionshistoriske framstillingar.)

Forfedrene og «tsiny»

Fordi den gassiske religionen i all hovudsak er fedredyrking, må det naturleg nok også verte omsynet til forfedrene som tel mest når det gjeld å leve slik at ein vert ståande utan skuld og straff i det ein gjer og tenkjer. Vi skal ikkje gå i detaljar om den rolla forfedrene spelar i det praktiske livet mellom gasserane, men nøye oss med å ta fram noko av det som er mest relevant til «tsiny»-komplekset.

Ei hovudsak i denne samanhengen er at dei levande står i eit permanent forhold til forfedrene, eit forhold som er grunnlagt på kjærleik og vyrdnad. Alle skikker, alle tabu og alle føreskrifter som forfedrene har fylgt, er rett og slett lov for etterkomarane. Og her går det sosiale, det religiøse og det private livet i eitt. Spør vi korleis dei døde er og kvar dei held til, er ikkje førestellingane om det alltid så tindrande klare. Men den døde er i alle fall ikkje lenger eit vanleg menneske, jamvel om psyka hans i stor mun synest å vere den same som før. Han høyrer nå til i ei høgare sfære enn før, og han nærmer seg på sett og vis Gud. Han får nye prerogativ og retter, og han har krav på ære og vyrdnad frå dei som lever.

Og her er det så «tsiny»-komplekset kjem inn. Den vyrdnaden og æra som dei døde har krav på, må nemleg vere i samsvar med den stillinga og plassen dei hadde i samfunnet i levandes live. Og familien og det einskilde mennesket vert råka av «tsiny» i same mun som dei her sviktar på ein eller annan måte. Men

derfor kan det ofte vere vanskeleg for den einskilde å ta ansvaret heilt åleine. Og såleis kjem slekta og bysamfunnet inn som ein slags mellommann mellom familien og den døde, slik at individet og familien faktisk kjem i eit dobbelt ansvarsforhold: p.d.e.s. til dei døde og deira krav, og p.d.a.s. til bysamfunnet og dei føreskriftene som dette gir. Ja, her kan det til og med hende at ein kjem opp i pliktkollisjonar, fordi det ikkje er samsvar mellom det den døde krev, og det samfunnet finn rimeleg. Det kan t. d. hende at den døde krev for mykje til sjølve gravferda, slik at bysamfunnet må seie i frå at krava ikkje er i samsvar med den plassen den døde hadde i samfunnet medan han levde. Kven skal så familien lyde? I dei fleste høve vil nok familien gjere slik den døde krev det, men då vil dei samstundes syte for å rettferdiggjere seg overfor bysamfunnet med di dei t. d. hevdar at dette er det siste høvet dei har til å vise kjærleik og vyrndad overfor han som nå går bort. På den andre sida kan det nok også hende at den døde ikkje får ei gravferd som er i samsvar med den æra han har krav på. Då og må familien stå til ansvar overfor bysamfunnet. Og kan dei berre gi fullnøyande forklaring, er bysamfunnet som regel villig til å hjelpe med utgiftene, slik at den døde ikkje skal kunne klage på at pliktene mot han vert forsømde.

Men det kan visst også hende at dei døde vert råka av «tsiny» dersom dei på si side tydeleg sviktar oppgåvene sine overfor dei levande. Men som regel finn ein seg tolmodig i alt som skjer. Det som mennesket ikkje forstår, får det heller la ligge så lenge. Forfedrene har sikkert ein eller annan rettferdig grunn for handlemåten sin, og dei levande bør først og sist tenkje på sine egne plikter overfor dei døde.

«Tsiny» og tilhøvet dei levande seg i mellom

Med tanke på den forskjellen der er mellom t. d. gassisk og vesterlandsk åtferdsmønster og tankegang er dette avsnittet utan tvil det mest interessante. Her gir forfatteren ikkje berre eit klart utsyn over den rolla samfunnet og kollektivet spelar mellom det gassiske folket, men vi får også ei svært sympatisk innføring i den gassiske livsfilosofien, slik han kjem til uttrykk i det

praktiske livet både gasserane seg i mellom og andsynes utlendingane, som ofte ikkje forstår motivet bak den handlemåten og tankegangen dei er vitne til i samarbeidet mellom dei innfødde.

Først av alt må vi halde klart for oss kor omfattande det gassiske samfunnet er. Det er ikkje avgrensa berre til dei levande, men også gudane og dei døde høyrer med. Forskjellen mellom forfedrene og dei levande er først og fremst ein forskjell i klasse og rang. Men dei høyrer alle saman med i den heilskapen som det gassiske samfunnet er. Og bakgrunnen for «tsiny»-komplekset mellom dei levande er når alt kjem til alt den same som for forfedrene (og Gud), slik vi alt har sett det.

Utfrå tanken om samfunnet som berar av lov og rett frå forfedrene til kvar ny generasjon, får omsynet til individet naturleg nok lite å seie. Her vert det skapt ei sosial innstilling, slik at einskildmennesket faktisk ser det som eit mål å kunne integrere seg med samfunnet og la samfunnet sine krav verte det avgjerande i eitt og alt. Derfor har individet på sett og vis ikkje råderetten over sitt eige liv, det har ikkje personleg autonomi, men er først og fremst orientert utover mot dei det er saman med, slik at ein faktisk kan tale om at individet ber heile samfunnet i seg.

Likevel er der ein viss forskjell i synet på forfedrene p.d.e.s. og dei levande p.d.a. Når ein gasser taler om forfedrene, ser han primært på dei som ei sosial gruppe, utan at han skil klart mellom den og den personen. Forfedrene representerer ei klasse som har sine egne prerogativ og sine egne oppgåver, men det originale og sermerkte ved den einskilde i denne gruppa kjem lett bort i kollektivet. Når det gjeld dei levande derimot, kan ein ikkje seie at det individuelle aspektet kjem så sterkt i bakgrunnen. Tvert imot har den einskilde sin originalitet og sine spesielle serdrag. Han har sine ynskje og sin vilje, og jamvel om han må ta omsyn til det tradisjonelle åtferdsmønstret og la samfunnet vere den normerande instans i alt, hindrar dette han likevel ikkje frå å gi uttrykk for sine personlege meiningar og ei viss sjølvstendig vurdering. Men det er alltid med fare for å verte råka av «tsiny», dersom han handlar slik at motparten ikkje kan samtykkje i det han gjer eller seier.

Det er i dette spenningsforholdet mellom omsynet til samfunnet med sine generelle krav til alle p.d.e.s. og omsynet til den personlege autonomi p.d.a.s. at «tsiny»-komplekset får sine ganske sermerkte fylgjer for åtferdsmønstret mellom dei einskilde menneska. Dei fleste kjenner ikkje dei individuelle serdrag hjå den einskilde dei kjem i kontakt med. Og dersom dei berre dømer han utfrå den tradisjonelle målestokken, vil domen gjerne verte urettferdig, i alle fall utfrå vedkomande sine eigne føresetnader. Derfor vert det også eit ideal å freiste sjå dei ulike spørsmål utfrå synstaden til motparten, å kunne setje seg i hans stad og tale og handle utfrå det den andre vil døme godt om. Ei handling eller ein talemåte som støyter motparten, kan gi grunn til «tsiny», og derfor gjeld det om å vere slik i all si ferd at ein vert elska av dei andre og får ære og ros for det ein gjer og seier.

Ein gasser er derfor stadig i rørsle, dvs. at tilsynelatande er der ingen fastleik i karakteren, ingen heilskap i åtferd og livsstil. Alltid er han oppteken med å gå fri det fatale «tsiny», å setje seg på den staden motparten står, og så døme seg sjølv utfrå den synstaden. Men dermed får også ein framand så lett inntrykk av dobbeltspel og uærlegdom; og der er nok av dei som har stempla gasserane for å vere falske, ustadige, menneske ein ikkje kan stole på, slike som seier ein ting i dag og noko heilt anna i morgon, og som derfor ikkje kan halde det dei har lova. I denne samanhengen kan det t. d. vere nok å vise til det den unge Lars Dahle skriv om den gassiske folkekarakteren:¹

«Det er ikke blot Nationen og hver enkelt til samme hørende Stamme, men ogsaa næsten hvert Individ, der saaledes savner et bestemt Charakterpræg. Nationen som Individet er som en Chamæleon, der idelig skifter Farve, og hvis Schatteringer man vistnok paa en Maade kan angive, men dog saaledes, at Angivelsen bliver næsten uden Værd, naar det ikke tillige oplyses hvilket Forvandlingsstadium de tilhører. Det Charakteristiske ved dette Folk er — hvis det går an at udtrykke sig saaledes — at det mangler Charakter.»

For å gjere rett mot Lars Dahle vil vi her få presisere at han

ikkje lenge etterpå reviderte synet sitt på den gassiske folkekarakteren, slik at han også kom til å sjå atskilleg meir positivt på framtida for misjonsarbeidet mellom folket. Ikkje minst fekk arbeidet hans med gassiske folkeminne og eventyr ein avgjerande innverknad i så måte.² Men dette førsteinntrykket hans er likevel ganske karakteristisk for det svært mange kjem fram til i det første møtet med dei innfødde. Som t. d. Johs. Johnson hevdar, synest til og med omgangsformene og talemåtane å vere berre ein slags kamuflasje for det som bur i hjarte og sinn. Og serleg gjeld det om å løyne tankane med vakre ord overfor dei framande, som det kan vere grunn til å ottast av ein eller annan grunn.³

Men her gjeld det om å forstå bakgrunnen for det gassiske åtferdsmønstret. Det som i første omgang kan te seg som lygn og opportunisme, er frå gassisk synstad heller ein freistnad på å vere velvillig, forståingsfull og sjenerøs. Han veit om seg sjølv at han er langt frå å vere fullkomen. Og derfor ber han alltid om orsaking før han går til ei handling som har konsekvensar for medmenneska. Og føresetnaden er at den same velviljen og forståinga han sjølv legg for dagen, også må finnast hjå motparten.

Det er elles klart at når tanken på «tsiny» har så mykje å seie i det praktiske livet, er det fordi heile komplekset står i ein større samanheng og får innhaldet sitt utfrå eit totalsyn på tilværet. For ein gasser er det ingen motsetnad mellom fornuft og religion. Tvert imot har heile livsmønsteret hans ein religiøs bakgrunn, slik at både tanke og tru høyrer naturleg med i dei mange ulike oppgåvene som livet har å by på. Det usynlege i tilværet så vel som det synlege er ein realitet han må ta omsyn til i alle sine handlingar, og det er utfrå dette monistiske synet på livet vi må prøve å forstå både tankegangen og handlingssettet hjå det gassiske folket.⁴ Dette vert om mogleg endå klarare når vi ser det i samanheng med omgrepet «tody», som forfatteren også analyserer i denne boka. Rota «tody» tyder eigentleg (fram)kome, å vere komen i hamn. Men rota har også ei overført tyding: atterkome, attergjeld, hemn. Utfrå denne figurlege tydinga får vi så tanken om ei handling som når målet, men som

også slår tilbake anten til det gode eller det vonde, alt etter som handlinga er god eller vond, slik eit gassisk ordspråk gir uttrykk for det: «Dersom du gjer noko godt, kunne (kan) du få løn for det. Og dersom du gjer noko vondt, kunne (kan) du verte straffa.»

Kva er så idéen «tody»-omgrepet byggjer på?

Først og fremst er det ei universell ordning, og i same mun som menneska skiplar denne ordninga, i same mun må dei også bere konsekvensane av det dei gjer. I staden for ordning kunne ein kanskje tale om ei slags koordinering av alt som er til, og den som bryt med det som såleis er koordinert, vil oppleve at «tody» slår tilbake og hemnar på ein eller annan måte. Forfatteren presiserer her at «tody» er ikkje det same som Gud. Det er Gud som har koordinert alle ting. «Tody» derimot er heller det som skjer i kraft av denne ordninga som ein konsekvens av dei einskilte handlingane menneska gjer. Derfor meiner forfatteren at det er ikkje rett å tale om fatalisme.⁵ Mennesket har full friedom til å handle eller la vere, så i siste omgang skaper mennesket seg sin eigen «tody». Likevel taler gasserane både om «å vere redd Gud» og «å vere redd tody», og desse to uttrykka synest å verte brukte om kvarandre. Men grunntanken er i alle fall at ei handling fører alltid konsekvensar med seg. Dersom ein gjer noko godt, har ein føremun av det. Men gjer ein derimot noko vondt, må ein lide også for det. «Ein bør ikkje laste Gud, men det er mennesket sjølv som tek feil og er ansvarleg for dei mistaka det gjer.»

På denne bakgrunnen er det ikkje vanskeleg å forstå sume av dei serdraga som karakteriserer det gassiske folkelynet. Forfatteren nemner først og fremst konservatismen, ein naturleg tendens til å gjere det same som forfedrene alltid har gjort, å halde fram med det same arbeidet og bruke dei same reidskapane. Det høyrer nemleg med til ordninga, og ein veit om dette at det gir gode resultat, for det har ein røynt frå generasjon til generasjon. Det forfedrene har praktisert, er i seg sjølv ein garanti for at utfallet ikkje kan føre til noko vondt, akkurat som eit gassisk ordspråk seier det: «Ei ugle kan ikkje få ein blå fugl til avkom».

Denne konservatismen må sjølvsagt få fylgjer for det gassiske livsmønstret på alle omkverve — også i kyrkje- og misjonsarbeidet. Og det er vel ingen misjonær som ikkje har kjempa med dette problem-komplekset i samarbeidet med dei innfødde. Uvissa overfor det som kan bli resultatet av nye tiltak, må naturleg nok verte ei hindring for initiativ og nybrottsarbeid — i alle fall når det gjeld å slå inn på nye vegar med nye arbeidsmetoder. Det har ein kanskje ikkje minst sett døme på i ungdomsarbeidet. Heldigvis kan ein neppe seie at dette er typisk for situasjonen i dag. Her kan det for så vidt vere nok å peike på dei mange nye tiltak der ute både på det kyrkjelege og det sosiale planet, og det er i seg sjølv eit vitnemål om korleis kristendomen kan løyse på indre band og skape ein atmosfære av større fridom i forholdet til det tradisjonelle livsmønstret. Likevel kjem vi neppe forbi at både «tsiny» og — «tody»-komplekset framleis spelar ei stor rolle også mellom kristenfolket. Framfor den store avgjerda og det revolusjonerande nye vil ein gasser i prinsippet alltid tenkje på korleis han best kan gå fri «tsiny». Og det det gjeld om, er å handle slik at «tody» ikkje slår tilbake med ulukke og forbanning på nokon måte.

Utfrå «tody»-komplekset må vi også forstå den gassiske tanken om likskap mellom menneska og dei livsforholda dei fleste har å stri med. Trass i alle forskjeller mellom t. d. ein rik og ein fattig, ein lærd og ein analfabet, ein herre og ein tenar, er menneska likevel i same båt, dei er underlagde dei same livslovene og dei same pliktene, og sett frå innersida byr livet på dei same problema for alle. Død, kjærleik, uhell i arbeidet, liding og sjukdom råkar alle utan omsyn til om ein er rik eller fattig, træl eller herre. Det er alt saman slikt som kjem så å seie utanfrå og uavhengig av den menneskelege viljen. Og likevel er det ikkje reint tilfeldig, for dersom det er forskjeller i denne verda, har det ein eller annan grunn. Er det t. d. ein som så å seie er etla til å lide mykje, er det lagnaden som vil det slik, og det gir berre uttrykk for ei ordning som menneska må finne seg i. Derfor bør ein heller ikkje hovmode seg i hell og lukke, for dei materielle tilhøva kan skifte frå dag til dag, slik som eit gassisk ordspråk

gir uttrykk for det: «Det er med menneska som med kokt ris som ein tek utor gryta. Det som ligg øverst kjem underst og omvendt.» Om du er den lukkelege i dag, kan du likevel vere den ulukkelege i morgon.

Det er på denne bakgrunnen vi må freiste å forstå det gassiske synet på dei sosiale verdiane. Og forfatteren nemner nestekjærleiken (la charité)⁶ som døme på korleis «tody»-idéen har gjort denne dygda til noko avgjerande i samkvemet mellom gasserane. Det ser vi som framande og utlendingar mange døme på, og det er vel ingen som kan la vere å verte gripen av det hjartelaget dei såleis kan vise overfor den som møter sorg og ulukke i livet, anten det nå er i dødsfall eller i sjukdom med liding og tunge dagar.

Men det er først når vi spør etter motivet bak sælebotshandlingane, at «tody»-idéen vert sett i relieff, for her kjem tanken om konsekvensar og attergjeld. Dersom nokon ofrar seg for dei andre, er det for å få ære og ros, og såleis finne hugnad mellom medmenneska. «Hels på dei som går forbi deg,» seier eit gassisk ordspråk, «for du veit ikkje kven som kan verte verfar din.» Slik er det med alt i livet. Det er ordna på ein slik måte at ingen kan vite den rette samanhengen mellom alt. Men likevel kan ein nok rekne med at ei god gjernig vil få løna si før eller seinare. Om ein rik tek seg av ein fattig, er det fordi han sjølv kan få same lagnaden, og då vil han få bruk for sælebot. Tek du mot ein foreldrelaus, er det fordi det også kan verte ein foreldrelaus i di eiga slekt. Livsforholda kan variere frå mann til mann, med det den eine opplever i dag, kan den andre oppleve i morgon. Og den som ikkje har tenkt på sine medmenneske før, kan heller ikkje rekne med hjartelag og sælebot den dagen han sjølv er i naud og vanskar.

Frå misjonssynstad står vi her overfor eit livsmønster som i alle fall kan bli utgangspunktet for samtale og tilknytning. Problemet her er som elles å kunne gi det eit nytt innhald utifrå evangeliet. Men det er rimeleg at kristenlivet må ta farge av den aktiviteten utover til medmenneska som er så naturleg for ein gasser utifrå «tody»-idéen, slik forfatteren viser det i denne boka.

Og det vert endå meir tydeleg når ein ser det på bakgrunn av den rolla samfunnet og fellesskapet spelar i «tsiny»- og «tody»-komplekset. Individet kan ikkje berre tenkje på seg sjølv i det det seier og gjer, for «tody» kan også råke medmenneska. Det t. d. ein far gjer, kan få konsekvensar for borna, og i siste omgang kan heile samfunnet verte implisert av det den eine gjer. Derfor er solidaritetskjensla så levande, og ein gasser har alltid eit sterkt behov for samfunn og fellesskap. Samfunnet hjelper den einskilde til å vurdere konsekvensane av handlingane sine, og det er også med å lette byrdene når ulukke og vanskelege dagar melder seg.

Naturleg nok vil denne sosiale innstillinga også gjere seg gjeldande i kristenlivet, og det sosiale aspektet kan dominere så sterkt at sume beint fram tvilar på om gassisk kristendom er ekte og sann. Stort sett er han overflatisk, seiast det. Og dei forandringane kristendomen har gjort mellom folket, ligg i all hovudsak på det sosiale planet.⁷ Til det skulle det — som forfatteren gjer — vere nok å vise til den gassiske martyrkjrkja. Visstnok var det kan hende på langt nær så mange martyrar som ein opphaveleg hadde tenkt.⁸ Men likevel vil denne tidsbolken i gassisk kyrkjesoge verte ståande der som eit mektig vitnemål om personleg kristendom og levande tru. Og dette er ikkje noko som berre høyrer fortida til. Evangeliet si omskapande kraft er også i dag ein levande realitet, det har misjonæren rikeleg høve til å kunne konstatere. Men dermed vil det ikkje vere rett å sjå bort frå det sosiale aspektet som eit serdrag i den gassiske kristendomsforma. Det minner oss berre om at vi ikkje utan vidare bør bruke ein vesterlandsk kristen som målestokk og norm. Vår oppgåve er ikkje å gjere gasserane til kristne med vårt eige livsmønster som den eine sanne modellen. Når kulturane er så vidt forskjellige som dei er, må det også vere rimeleg at livsstilen vert forskjellig. Det er vi forresten vitne til innanfor ein og same kulturkrinsen, og kor mykje meir gjeld vel ikkje dette frå ein kultur til ein annan!

Då er problemet større når det gjeld den gassiske relativismen, ein naturleg tendens til å ville akseptere livet sine mange ulike situasjonar utan krav om sanning og rett i absolutt forstand

(jfr. ovanfor om «dobbeltspelet»). Dette heng også saman med at heile «tsiny»- og «tody»-komplekset byggjer meir på kjensler og intuisjon enn på tanke og fornuft. Ein gasser er bunden til omverda med sympati og forståing, og det skaper lett eit rettferds- og sanningsomgrep som nærmar seg tanken om nåde og miskunn slik at ingen ting kan seiast å vere absolutt.

Sjølvsaugt er eit sterkt kjensleliv frå ei side sett ein styrke for det religiøse livet. Men det gir også rom for ein veikskap som kan få alvorlege fylgjer for kristendomen som openberringsreligion: nemleg ein djup skepsis overfor alt som gir seg ut for å vere sanninga og det einaste gyldige. Det naturlege er tvert imot å operere med ulike verdiar alt etter som situasjonane kan skifte. Når alt kjem til alt er der ingen ting nytt under sola, for det som hender er i grunnen berre ein repetisjon av det som alltid har vore. Derfor er det heller ingen grunn til å gå utover det normale, det som er meir eller mindre enn medels. Det tradisjonelle livsmønstret er garantien for at «tody» ikkje slår tilbake med ulukke og straff, og den som går utover gamle grenser, må også ta den risiko dette fører med seg.

Derfor er den gassiske ånd, i følgje forfatteren, framand for alt som smaker av dogmetisme. I og for seg kan det vere ein styrke, i alle fall på det menneskelege planet. Derimot trur vi at denne relativistiske innstillinga kan representere ein fare for konfessjons-kyrkje-prinsippet og at unionstanken er meir i samsvar med gassisk tenkjemåte. Jamvel om kristendomen har hatt ein rik inngang på Madagaskar, er det likevel neppe tvil om at storparten av folket framleis er bundne av det tradisjonelle tankemønstret når det gjeld både «tsiny» og «tody». Dette gjeld også kristenfolket. Dessutan er det kanskje rett at gasserane frå naturen av er meir moralske enn religiøse, og utfrå den relativistiske grunninnstillinga er det naturleg at evangeliet sitt krav om eit totalt herredøme vanskeleg vert forstått. Tvert imot vil relativismen veikje den bibelske talen om personleg tru og ei radikal omvending. Og det er vel ikkje til å kome forbi at endå har fedretua ei stor makt også mellom kristenfolket. Her ventar det derfor endå store oppgaver både for teologien og forkynninga. Og

målet kan neppe vere berre det negative: å bryte ned all emosjonell binding til «tsiny» og «tody». Både intuisjonen og kjenslelivet har ein viktig funksjon i kristenlivet. Og oppgava vår kan ikkje vere å tvinge den gassiske teologien inn i ein analytisk tenkjemåte utfrå vesterlandske føresetnader. Guds fulle råd må sjølvsaugt forkynnast og gjerast gjeldande utan omsyn til språk eller rase. Og ikkje minst er det viktig å gjere det tindrande klart at Guds vilje er lov for alle sanne kristne, slik at den som vel Jesus Kristus, vel Han til konge, og det er Han åleine som får suvereniteten over oss. Men på bakgrunn av den rolla «tsiny» og «tody» spelar i gassisk mentalitet og psykologi, er det berre naturleg at kategoriar som intuisjon, sentimentalisme og trong til fellesskap må setje farge på det kristne livsmønstret. Oppgava må her bli å la alle aspekt få lov til å kome til sin rett utan at ein på nokon måte sviktar evangeliet. Då vil gassisk kristendom også få noko verdifullt å gi vidare til andre, og vi på vår side vil lære å setje pris på det mangfald av strenger og tonar Gud kan spele på når det gjeld å openberre sitt rike mellom menneska.

NOTER

- 1 Lars Dahle: «Madagaskar og dets beboere», Anden del. Christiania 1877, s. 3.
- 2 Otto Chr. Dahl: «Lars Dahle som kulturforsker» Norsk Tidsskrift for Misjon nr. 2, 1961.
- 3 Johs. Johnson: «Det første hundreaar av Madagaskars Kirkehistorie,» Stavanger 1920, s. 61.
- 4 Sml. Jørgen Ruud: «Taboo. A study of Malagasy Customs and Beliefs.» Oslo 1960, s. 285.
- 5 Sml. E. Birkeli: «Forelesninger over Madagassisk Religion.» Stavanger 1944. Han meiner at fatalismen er ei av grunnførestellingane mellom dei innfødde på Madagaskar.
- 6 Sjå også Jørgen Ruud, Ibid. Kapittel 1 om gjestmildskap.
- 7 Frå nyare tid: Hubert Deschamps et Suzanne Vianés: «Les Malgaches du Sud-Est.» Paris 1959, s. 71.
- 8 Lars Dahle: Ibid. s. 245 ff. Han hevdar at svært mange av «martyrane» var politiske forbrytarar.